

Gebyr for handsaming av byggje- og delingssaker samt dispensasjonar gjeldande frå 01.01.2017

- 1 - Generelt.
- 2 - Dispensasjonar.
- 3 - Byggjesakar.
- 4 - Oppretting av ny grunneigedom m.m.
- 5 - Kart og oppmålingsarbeid etter matrikkellova.
- 6 - Kart og egedomsoppgåver.
- 7 - Seksjonering.
- 8 - Reguleringsplanar.
- 9 - Landbruks- og havbrukssaker.
- 10 - Hamne- og farvasslova.

KAP. 1: GENERELT

Gebyrregulativet er fastsett av Fitjar kommunestyre sak PS 81/16 og er heimla i § 33-1 i Plan- og bygningslova, § 32 i Lov om egedomsregistrering (matrikkellova) og § 7 i Lov om eigarseksjonar av 20 mars 1997

I regulativet er nytta bokstaven **M = kr. 2800.**

§ 1.1 Kva regulativ skal nyttast

Gebyret skal reknast ut etter det regulativ som gjeld på det tidspunkt tilfredsstillande/ fullstending søknad, tilleggsøknad eller revidert søknad vert motteken av kommunen.

§ 1.2 Betalingsplikt og frist

Den som får utført tenester etter dette regulativ, skal betale gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavar eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid.

For alle gebyr gjeld betalingsfrist på 20 dagar frå fakturadato, dersom ikkje anna er sagt. Ved for sein betaling kan kommunen krevje eit purregebyr på 10% av rettsgebyret. I tillegg kan kommunen krevje morarente i samsvar med forsinkelsesrentelova frå forfallsdato. Eventuell innkrevjing skjer i samsvar med inkassolova.

Det fastsette gebyret skal betalast uavhengig av seinare endring av saka eller eventuell søknad om redusert gebyr/klage på gebyr.

§ 1.3 Søknader som vert trekt, stansa og ikkje sett i gang

For søknader som er registrert motteke, men som vert trekt før handsaming vert det fakturert ½ M. For søknader som vert trekt etter at saka er ført på sakskartet for handsaming vert det fakturert fullt gebyr.

Tilsvarande gjeld søknad (trekking av søknad) om rammeløyve og igangsetjingsløyve.

For saker som vert returnert grunna feil/og eller manglande dokumentasjon, der firma med sentral godkjenning er ansvarleg søkjar, vert ilagt gebyr **M**

For saker, kor andre enn firma med sentral godkjenning er søkjar, som vert returnert ubehandla meir enn ein gong som fylgje av manglande dokumentasjon, vert det ilagt gebyr etter 2. gongs retur på **M**

Dersom ein søknad vert trekt etter at løyve er gjeve, saka på anna måte er ferdig handsama i administrasjonen, eller er satt opp på sakskart for handsaming politisk, vert det rekna fullt gebyr.

§ 1.4 Søknader som fører til avslag

Saka vert sett på som avslutta dersom det ikkje er sendt endring/ klage innan klagefristen.

Ved avslag på søknad etter Pbl § 20-1 (tiltak som krev søknad og løyve) § 20-2 (tiltak som krev søknad og løyve og som kan utførast av tiltakshavar), kap. 19

dispensasjonssøknader og søknader om ansvarsrettar/lokal godkjenning) skal det betalast fullt gebyr.

§ 1.5 Revidert søknad.

For revidert søknad om endring av løyve som krev nytt nabovarsel og som vert motteke av kommunen etter at førstegongsvedtak er fatta, vert det fastsett gebyr på 50% av ordinært gebyr.

For revidert søknad om endring av løyve som *ikkje* krev nytt nabovarsel og som vert motteke av kommunen etter at førstegongsvedtak er fatta, vert det fastsett gebyr på 30% av ordinært gebyr.

§ 1.6 Ny søknad

Ny søknad etter bortfall av løyve, er **ny** sak, jf. Pbl § 21-9, og det skal betalast fullt gebyr.

§ 1.7 Urimeleg gebyr

Når særlege grunnar tilseier det, kan kommunen etter søknad heilt eller delvis gje fritak for betaling av gebyr til kommunen i ei konkret sak. Søknad om redusert gebyr utset ikkje betalingsfristen. Personlege/sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn.

Rehabilitering av eldre, verneverdige bygningar og tiltak som fører til miljøforbetringar kan etter søknad frå tiltakshavar fritakast for gebyrplikta heilt eller delvis. Søknad om utsleppsløyve reknast ikkje som miljøforbetring.

§ 1.8 Gebyr etter medgått tid

For sakshandsaming som ikkje fell inn under det oppsette gebyrregulativet,

skal det fakturerast etter medgått tid pluss ein grunnsum på	0,5 M
Timesats er sett til	0,4 M

§1.9 Klagerett

Gebyrregulativet er ei forskrift fastsett av Kommunestyret og kan ikkje påklagast. *Bruken* av regulativet kan i samsvar med forvaltningslova påklagast til Fylkesmannen i Hordaland.

Gebyr for arbeid etter Plan- og bygningslova - § 33.1

KAP. 2: DISPENSASJONAR

§ 2.1 Dispensasjon etter Plan- og bygningslova kap 19

§ 2.1.1	I saker der det vert søkt om dispensasjon for fleire forhold, men der alle forholda vert handsama i ei og same sak, vert det berre ilagt gebyr for det forholdet som har høgast gebyrsats.	
§ 2.1.2	Gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til saksgebyr etter §§ 2.3-2.20 og 2.24.	
§ 2.1.3	For separat søknad om dispensasjon frå gjeldande plangrunnlag	7 M
§ 2.1.4	For søknad etter Pbl § 20-1, unnateke pkt b, c, e, f og i, og som krev dispensasjon frå gjeldande plangrunnlag, eller anna lovgiving	7 M
§ 2.1.5	For søknad om dispensasjon frå byggjeforbodet etter Pbl § 1-8	8 M
§ 2.1.6	For andre dispensasjonar frå plan- og bygningslova	5 M
§ 2.1.7	For søknad om dispensasjon - mindre saker der administrasjonen har delegert løyve til å gjere vedtak, som t.d. dispensasjon frå § 29-4 om bygningens plassering, høgde og avstand frå nabogrense, eller frå krav i TEK 10	2 M
§ 2.1.8	For søknad om dispensasjon - mindre saker der administrasjonen har delegert løyve til å gjere vedtak, men som krev uttale/- samtykke frå anna mynde	3M
§ 2.1.9	Det vert ilagt fullt gebyr for dispensasjon uavhengig av om saka vert avslått eller trekt, etter at den er satt opp for politisk handsaming	

KAP. 3: BYGGJESAKER:

§ 3.1 Utrekningsgrunnlag

Der det ikkje framgår anna, utgjer utrekningsgrunnlaget for gebyret bruksareal, BRA, i samsvar med NS 3940, med dei tillempingane som følgjer av registreringsinstruks til matrikkelen, avrunda nedover til næraste m². Det vert rekna bruksareal av alle etasjar.

For bygg eller deler av bygg, som manglar veggjar, vert bebygd areal (BYA) lagt til grunn for arealutrekninga.

Der det ikkje framgår anna, utgjer byggegebyret summen av gebyra for alle etasjane. I tillegg til byggegebyr reknast gebyr for andre tenester som er knytt til søknaden, slik det går fram av dette gebyrregulativet.

§ 3.1.1

Ved samstundes byggjemelding av tiltak (t.d. byggjemelding av bustad og garasje eller byggjemelding av bustad som medfører vesentleg terrenginngrep), vert det fakturert fullt gebyr for det tiltaket som har høgast gebyrsats etter regulativet, 50% av gebyrsats for kvart av dei neste tiltaka.

§ 3.1.2

Byggjesøknad skal leverast med situasjonskart og naboliste utgitt av Fitjar kommune som ikkje er eldre enn 3 mnd.

Ved innsending av byggjesøknad på anna kartgrunnlag/ utan naboliste, vert det fakturert eit tillegg på	kr. 700,-
Situasjonskart med naboliste kan tingast gjennom Kundetorget	kr. 480,-
Situasjonskart med naboliste tinga gjennom Infoland	kr. 400,-
MVA kjem i tillegg	

§ 3.2. Tiltak som krev ansvarlege føretak.

Einebustad/fritidsbustad – bruksareal under 200 m ²	10 M
Einebustad/fritidsbustad – bruksareal over 200 m ²	13 M
Tomannsbustad	15 M
Rekkehus inntil 4 bueningar	20 M
Rekkehus over 4 bueningar	25 M
Boligblokk inntil 15 leiligheiter	30 M
Tilbygg/påbygg til bustad med ny buening	8 M
Tilbygg/påbygg til bustad utan ny buening	5 M

§ 3.2.1 Felles garasjeanlegg knytt til blokk eller andre bustadbygg

Satsen gjelder pr. blokk eller bustadbygg som anlegget skal tjene.	3 M
Tillegg for sekundærleilighet (hybelleilighet)	2 M

§ 3.3.1 Næringsbygg, institusjonsbygg, publikumsbygg, brakkerigg ol.

Arealintervaller;

For de første 200 m ²	12 M
Areal mellom 201- 2 000 m ² pr. påbegynt 200 m ²	7 M
Areal mellom 2 000 og 10 000 m ² pr. påbegynt 200 m ²	3 M
Areal mellom 10 000 og 50 000 m ² pr. påbegynt 200 m ²	M
Innendørs parkeringsareal og parkering på tak (beregnes for seg) pr. påbegynt 200 m ²	3 M

§ 3.3.2	For institusjonar med eigen buening reknast fellesareal som ervervsbygg og buening som bustad	
§ 3.3.3	For fleire etasjar, stativhallar, overtrykshallar, skur og veksthus, nybygg/-påbygg til driftsbygningar i landbruket der samla bruksareal er over 1000m ² , reknast 50% av gebyr som for hovudetasje/næringsbygg (erverv).	
§ 3.3.4	For innreiing av råbygg reknast 25% av gebyr for næringsbygg (erverv).	
§ 3.3.5	Innretning for uteservering	3 M

§ 3.4 Tilbygg og påbygg til bustad/ fritidsbustad, pbl §§ 20-1 og 20-2

§ 3.4.1	0-50 m2 BRA/ BYA (bygget kan i tillegg vere underbygd med kjellar	3 M
§ 3.4.2	over 50 m2	5 M
§ 3.3.4	For innreiing av råbygg reknast 25% av gebyr for næringsbygg (ervert).	

§ 3.5 Garasjar, carport, naust og uthus, Pbl §§ 20-1 og 20-2

§ 3.5.1	0-70m2 BRA/ BYA	3 M
§ 3.5.2	70-100 m2 BRA/ BYA	5 M
§ 3.5.3	over 100 m2 BRA/BYA skal reknast som for næringsbygg	
§ 3.5.4	Der frittstående garasje, naust, uthus inneheld bueining, skal det illeggjast gebyr etter § 3.2.1	

§ 3.6 Tiltak etter Pbl § 20-2

Andre tiltak etter Pbl § 20-2 til § 20.8

2 M

§ 3.7 Tiltak etter Pbl. §§ 20-1 og 20-2

Gebyr etter tabellen her gjeld både nybygg, tilbygg, terrasser og endringsarbeid, midlertidige og flyttbare bygg, konstruksjoner, kiosker, brakker, telt og lignande.

Midlertidige konstruksjoner, telt o.l.	M
Bygningsmessige tiltak på inntil 30 m ²	2 M
Bygningsmessige tiltak på inntil 70 m ²	3 M
Bygningsmessige tiltak, unntatt åpen terrasse, på over 70 m ²	4 M

§ 3.8 Søknad om tiltak som konstruksjonar eller anlegg etter Pbl § 20-1

§ 3.8.1	Mindre anlegg	2M
§ 3.8.2	Større anlegg, herunder kaianlegg, brygge, flytebrygge o.l.	4M
§ 3.8.3	Idretts-/ sportsanlegg utan bygning/ tribune t.d. fotball-, skeisebane, nærmiljøanlegg o.l. er unntatt for gebyr	

§ 3.9 Søknad om fasadeendring – vesentlege reparasjonar o.l. etter Pbl § 20-1

Fasadeendring omfattar m.a. endring av vindauge, kledningsmateriale og taktekking, takoverbygg, karnapp, ark, takterrasse, m.m.

§ 3.9.1	Småbygg (frittliggjande (fritids)bustader, tomannsbustader, småhus i grupper), pr. fasade	2M
§ 3.9.2	Større bygningar, pr fasade	3M
§ 3.9.3	Vesentleg reparasjon av tiltak nemnd under Pbl § 20-1a, til dette høyrer og hovudombygging og vesentleg endring av planløyising, betalast 50% av gebyr for nybygg.	

§ 3.10. Tiltak med eksisterande bygningar og bruksendring.

Type tiltak	Gebyr/tillegg/merknad
Bruksendring av bustad/leilighet til anna føremål	Pr. leilighet 6 M
Bruksendring av del av bustad/leilighet	2 M
Oppdeling av bustad/leilighet	Pr. ny leilighet 2 M
Samanslåing av leiligheter	M
Ominnreiing /ny planløyising, bruksendring	M
Arbeider med våtrom og pipe	M
Bruksendring av tiltak etter § 3.3.1 som medfører søknadspliktige ombyggingsarbeidar	50% av satsene etter § 3.3.1
Bruksendring av tiltak etter § 3.3.1 til buformål, ombygging til leiligheter	50% av satsene etter § 3.3.1
Bruksendring av tiltak etter § 3.3.1 utan søknadspliktige ombyggingsarbeidar	30% av satsene etter § 3.3.1
Bygningsmessige arbeider når bruksendringsspørsmålet er avgjort som eiga sak	30% av satsene i tillegg til gebyr for bruksendring
Bruksendring av kort varighet (inntil 6 mnd).	2 M
Bruksendring av tilleggsdel til hovuddel	M
Endring i bærande konstruksjon eller brannskilje	M

Ark, parapet, takoppløft	2 M
Underbygging, utgraving	2 M
Ny etasjeplan i bygning	2 M
Vesentlig endring og vesentlig reparasjon av tiltak etter §§ 3.2, 15, 16 og 18	50% av satsane etter 3.3.1

§ 3.11 Søknad om riving – Pbl §20-1

Under-200 m2 BRA	M
Over- 200 m2 BRA	2 M

Dersom søknad om riving kjem samstundes med søknad om oppføring av ny bygning på same stad, vert det ikkje ilagt gebyr for riving.

§ 3.12 Driftsbygningar i landbruket og mellombels tiltak, Pbl §§ 20-2b og 20-2c

§ 1.12.1	Driftsbygningar i landbruket (under 0-500 BRA eller påbygg til slike der samla areal er under 500 BRA)	4 M
§ 3.12.2	Driftsbygningar i landbruket (500-1000 BRA eller påbygg til slike der samla areal er under 1000 BRA)	7 M
§ 3.12.3	Mellombels bygningar, konstruksjonar og anlegg, til dette høyrer og campingvogner, telt, tivoli, sirkus, m.m. samt innretningar for uteservering	3 M
§ 3.12.4	Mellombels brakkerigg, lager-/ industrihaller over 100m2 skal reknast etter § 2.9 næringsbygg.	

§ 3.13 Innhegning – skilt/reklame – Pbl § 20-1

§ 3.13.1	Innhegning	2 M
§ 3.13.2	Forstøttingsmur	2 M
§ 3.13.3	Skilt/ reklame	2 M
§ 3.13.4	For murar og innhegning over 20 m lengde betalast eit tilleggsggebyr på 10% av ordinært gebyr for kvar påbegynt 10 m	

§ 3.14 Søknad om vesentlege terrenginngrep/utfylling – Pbl § 20-1

Søknad om vesentlege terrenginngrep/ utfylling/ planering	5 M
---	-----

§ 3.15 Søknad om anlegg av veg eller parkeringsplass – Pbl § 20-1

Mindre parkeringsplassar på planert terreng (inntil 10 bilar)	2 M
Større parkeringsplassar	3 M
Parkering på eller i bygning, parkeringshus/ anlegg – som § 2.9	
Bru for gangtrafikk	2 M
Bru for køyretrafikk	5 M
Veganlegg, til dette høyrer og gangveg, 0-150 m	4 M
For lengder over 150 m reknast eit tillegg på pr. påbegynt 150 m.	M

§ 3.16 Stegvis sakshandsaming – jf Pbl § 21-2, 5. Ledd

§ 3.16.1	For stegvis sakshandsaming av tiltak vert det rekna fullt gebyr for rammeløyve, og ½ gebyr for igangsettinsløyve.
§ 3.16.2	For stegvis sakshandsaming av større bustad-/fritidsbustad-prosjekt med meir enn 3 bueiningar, jf. § 3.2, vert det rekna fullt gebyr for begge trinn
§ 3.16.3	For stegvis sakshandsaming av næringsbygg, jf. § 3.3.2, vert det rekna fullt gebyr for begge trinn.

§ 3.17 Separat søknad om bygningstekniske installasjonar etter Pbl § 20-1,

For separat søknad om bygningstekniske installasjonar etter pbl § 20-1 1 M

§ 3.18 Diverse tiltak

For arbeid som ikkje kan bereknast etter ovannemnde satsar, her medrekna mellom anna innreiing av loft/ kjellar i småhus, mobilstasjon, basseng, busskur, rømmingstrapper, m.m., skal det fakturerast etter medgått tid pluss ein grunnsum på	M
Timesats	0,4 M

§ 3.19 Førehandskonferanse etter Pbl § 21-1

Førehandskonferanse (etter Pbl § 93)

M

§ 3.20 Godkjenning av foretak for ansvarsrett - Pbl kap. 22

§ 3.20.1	Godkjenning av ansvarsrett og søknad om ansvarsrett som sjølbygger, der det ikkje ligg føre sentral godkjenning av foretaket	M
----------	--	----------

§ 3.21 Ferdigattest på eldre saker

For utferding av ferdigattest for tiltak der det er gått meir enn 3 år etter at mellombels bruksløyve er gjeve, betalast gebyr på.....

M

Ved manglar i førespurnad om mellombels bruksløyve/ ferdigattest der det må brev til, vert det fastsett eit tilleggsgebyr på.

0,4 M

Kommunen kan med heimel i plan- og bygningslova § 32-8 ilagge overtredelsesgebyr for igangsetjing utan løyve, ulovleg bruk og arbeid med ulovleg byggjesak.

Størrelsen vert utrekna i tråd med Direktoratet for byggkvalitet sine satser, jfr. Sak 10 § 16-1 og 16-2.

KAP. 4: OPPRETNING AV NY GRUNNEIGEDOM

Dersom søknad er i strid med overordna kommuneplan eller reguleringsplan, kjem gebyr for eventuell dispensasjonssøknad etter § 2.1 i dette regulativet i tillegg

§ 4.01	For søknad som gjeld tilleggsparsell/ arrondering, små grunnstykke til garasjar og parkering, o.l.	1 M
§ 4.02	Ved søknad om oppretting av ein eller fleire grunneigedomar, og der frådelling skjer i samsvar med reguleringsplan, utbyggingsplan eller tomtedelingsplan, første pasell	2 M
	for kvar av dei andre	1 M
§ 4.03	Ved søknad om oppretting av ein eller fleire grunneigedomar i uregulert område eller der det ikkje føreligg tomtedelingsplan, vert det rekna eit gebyr på	4 M
	for første parsellen, og	2 M
	kvar parsell	

KAP. 5: KART- OG OPPMÅLINGSARBEID ETTER MATRIKKELLOVA

§ 5.1 Oppretting av matrikkeleining

§ 5.1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrunn

Areal frå 0-250	7 M
Aareal frå 251 – 1500 m ²	10 M
Areal frå 1501 m ² – auke pr. påbegynt da.	2 M
Areal over 10,5 da. etter medgått tid. Minstegebyr	23 M

Ved *samstundes* oppmåling av tomter frå same teig, vert gebyret redusert med 20% frå og med tomt nr 4.

5.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

Gebyr pr ny matrikkeleining

2 M

I tillegg kjem ev utlegg til kunngjeringar.

Ev undersøkingar i marka vert fakturert etter medgått tid pr time

0,4 M

Oppmåling av uteareal på eigarseksjon

Gebyr for oppmåling av uteareal pr. eigarseksjon

Areal frå 0 – 50 m ²	3 M
Areal frå 51 – 250 m ²	4 M
Areal frå 251 – 2000 m ²	5 M
Areal frå 2001 m ² – auke pr. påbegynt da	2 M

5.2.1 Oppretting av anleggseigedom

Gebyr som for oppretting av grunneigedom.

Volum frå 0 – 2000 m ²	10 M
Volum frå 2001 m ² – auke pr. påbegynt 1000 m ² .	2 M

5.2.2 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid pr. time

0,4 M

5.3 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Etter grunngjeven søknad kan ny matrikkeleining opprettast før oppmålingsforretning er fullført, jf forskrift § 25.

Det vert fakturert gebyr etter pkt 1.1.1, 1.1.2, 1.1.4 eller 1.1.5, samt tilleggsgebyr pr matrikkeleining

M

5.3.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Gebyr for utført arbeid når saka vert trekt før ho er fullført, må avvisast, ikkje lar seg matrikkelføra på grunn av endra heimelstilhøve eller av andre grunnar ikkje kan fullførast, vert fakturert i høve til det arbeid som er utført i saka etter gjeldande timesatsar; minstegebyr 1/3 av gebyrsatsane etter 1.1 og 1.2

5.4 Grensejustering

5.4.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige

Ved grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av den minste eigedomen sitt areal (maksimalgrensa er sett til 500 m²).

Areal frå 0 – 500 m ²	M
----------------------------------	----------

(Ein eigedom kan ikkje avgje areal (til fleire mottakarar) som i sum overstiger 20 % av eigedomen sitt areal før justeringa. For grensejustering til veg- kan andre arealklassar gjelde. Verdien av det avgitte arealet må heller ikkje overstiga 1 G.)

5.4.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av anleggseigedomen sitt volum. (maksimalgrensa er satt til 1000 m³)

Volum frå 0 – 250 m ³	3 M
Volum frå 251 – 1000 m ³	4 M

5.5 Arealoverføring

5.5.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast

Areal frå 0 – 250 m ²	4 M
Arealoverføring pr. nytt påbegynt daa fører til auke av gebyret på	M

Arealoverføring utløyser dokumentavgift til staten.
Dette gjeld ikkje arealoverføring til vegføremål.

5.5.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna - ikkje være registrert på en tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanføyning er til stades. Matrikkeleininga skal utgjera eit samanhengjande volum.

Volum frå 0 – 250 m ³	10 M
Volum frå 251 – 1500 m ³	11 M
Volumoverføring pr. nytt påbegynt 1000 m ³ fører til auke av gebyret på	2 M

5.5.3 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koorinatbestemt ved oppmålingsforretning

For inntil 2 punkt	2 M
For overskytande grensepunkt, pr. punkt	0,5 M

5.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidligare er koordinatbestemt eller klarlegging av rettar

For inntil 2 punkt	3 M
For overskytande grensepunkt, pr. punkt	0,5 M

Klarlegging av rettar vert i tillegg fakturert etter medgått tid.

5.7 Privat grenseavtale

Matrikkelføring av privat grenseavtale vert fakturert etter medgått tid, timesats 0,4 M

5.8 Tilleggsgebyr

5.8.1 Klarlegging av rettar

Ved arbeid etter §§ 5.1-5.6 ovanfor vert arbeid tilknytta klarlegging av rettar fakturert etter medgått tid. 0,4 M

5.8.2 Utarbeiding av private avtalar

Ved utforming/ utarbeiding av naudsynte, private avtalar vert det fakturert etter medgått tid. Dette er ei teneste (ikkje gebyr) som vert tillagt mva. 0,4 M

5.8.3 Endring i forhold til godkjent frådelingsvedtak

Gjeld ynskje om endring som rekvirent legg fram på kartforretningsmøtet og som må godkjennast av plan- og byggesaksavdelinga, munnleg eller skriftleg M

5.8.4 Ekstra kartforretning i eksisterande sak

Gjeld når det er naudsynt med ekstra kartforretning i marka pga usemje mellom partane, eller når det er ynskje om endring, eller andre forhold som skuldast partane og som vert lagt fram etter at den første kartforretninga er halden 2 M

5.9 Timesatsar

Grunngebyr	2 M
Kontorarbeid	0,4 M
Markarbeid inkl. transport og materiell	M

5.10 Oppmåling utført av andre

Etter grunngjeven søknad og løyve frå kommunen kan tiltakshavar utføra oppmåling i terrenget sjølv, føresett kvalifisert oppmålar. Det vert då gjeve ein rabatt på inntil 60 % av regulativet.

5.11 Urimeleg gebyr

Gebyrregulativet er ei forskrift fastsett av Kommunestyret, og gebyrregulativet skal som hovudregel fylgjast. Men dersom det er uføresette moment i saka som fører til at gebyret vert openbart urimeleg, kan Rådmannen eller den han/ho har gjeve fullmakt, av eige tiltak, eller etter søknad, fastsetja eit høveleg gebyr. Det er ikkje høve til å dispensere frå gebyrregulativet av andre årsaker. Det er ikkje høve til å få fritak for heile gebyret.

5.12 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka

Dersom rekvirenten undervegs i saka gjer endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka, vert likevel gebyret oppretthalde.

5.13 Utskriving av matrikkelbrev fylgjer maksimalsats vedteken av Statens kartverk,

Matrikkelbrev inntil 10 sider	kr 175,-
Matrikkelbrev over 10 sider (vert regulert av Matrikkelforskrifta § 16-3.)	kr 350,-

5.14 Tinglysingsgebyr og gebyr for grunnboksutskrifter mm

For alt som skal tinglysast etter Matrikkellova § 24 kjem tinglysingsgebyr i tillegg. Det vert også sendt faktura på naudsynte utskrifter frå grunnboka mm.

5.15 Grensemerke (inkl. utgifter til boring o.l.)

Pris pr stk.....

kr. 150,-

Dette er materiell som er momspliktig; mva kjem i tillegg.

5.16 Betalingsreglar

Betalinga kan krevjast før forretninga vert halden.

Det vert ikkje rekna meirverdiavgift av oppmålingsgebyra.

KAP. 6: KART- OG EIGEDOMSOPPGÅVER

Gebyr for arbeid etter Plan- og bygningslova § 33.1

§ 6.0 Generelt

Prisane inkluderer ekspedisjonsgebyr og porto. I tillegg kjem 25 % mva.

§ 6.1 Situasjonsskart

2 stk kartutsnitt i målestokk 1:500/ 1: 1000 til bruk ved byggesøknader. Inneheld situasjon over aktuell eigedom i samsvar med eksisterande kartverk, jfr. § 3.1.2

§ 6.2 **Standardprodukt** som kan skrivast/ plottast ut frå GISline innsyn utan bearbeiding av data eller teikneparametertabeller og kopiering:

Format	Fargekopi	Svart/kvit kopi
A2	230,-	180,-
A1	300,-	240,-

§ 6.3 **Spesialprodukt** som krev bearbeiding av data eller teikneparametertabeller:

I tillegg til prisane i prislista for standardprodukt, vert det fakturert eit beløp etter medgått tid, for tida pr. time

0,4 M

Minstesats 1 time pr. bestilling.

§ 6.4 Digitale kartdata

Priser fylgjer fastsette satsar frå GEOVEKST med kommunalt påslag på 33 %.

KAP. 7: SEKSJONERING

§ 7.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av ein eigedom

a) Sak som krev synfaring	Rettsgebyr i samsvar med eierseksjonsloven, 5 stk.
b) Sak som ikkje krev synfaring	Rettsgebyr i samsvar med eierseksjonsloven, 3 stk.

§ 7.2 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon

Der det inngår grunnareal i ein seksjon, skal det i tillegg til seksjoneringsgebyr etter § 1, betalast gebyr etter Kap. 5 i gebyrregulativet for kart- og oppmålingsarbeid etter matrikkellova.

§ 7.3 Ny handsaming av avslegen søknad

Der fornøya søknad om seksjonering eller reseksjonering av eit bruksnummer eller festenummer, fører til godkjenning eller nytt avslag, skal halvparten av tidlegare betalt gebyr kome til frådrag dersom søknaden kjem til kommunen innan tre månader etter dato for avslag. Kjem ny søknad på seinare tidspunkt, skal det betalast fullt gebyr.

KAP. 8: REGULERINGSPLANAR

Generelt:

Dette avsnittet gjeld for handsaming av framlegg til regulerings saker, tomtedelingsplanar, plan for utbygging. Framlegg til reguleringsplanar og endring av desse, pbl §§ 4-1, 4-2, 4-3, 12- 8,12- 9, 12-10, 12-11, 12-12 og 12-14. Framlegg om mindre endringar av reguleringsplanar samt endringar av meir "bagatellmessig" karakter, pbl § 12-14. Framlegg til tomtedelingsplanar, plan for utbygging.

Med heimel i Pbl § 2-1 og kart- og planforskrifta § 7 vert det krevd at framlegg til reguleringsplanar og endring av desse skal leverast på digital form i samsvar med kart- og planforskrifta §§ 8-10 med tilhøyrande produktspesifikasjonar. Planframlegget skal føreliggje på slik digital form før planframlegget vert teke opp til 1. gongs handsaming i kommunen, jf. § 10 i kart- og planforskrifta. Også mindre endringar av reguleringsplanar, endringar av meir "bagatellmessig" karakter og tomtedelingsplanar skal leverast på tilsvarende digital form.

I tillegg til at planframlegg skal vere levert på digital form, skal det leverast nok eksemplar av plankart, planomtale (og evt. konsekvensutgreiing) til å dekkje trong til utsending og utlegging til alle handsamingar og offentlege ettersyn. Annonsar i aviser skal også dekkjast av tiltakshavar.

Dersom det er meir enn 1 år mellom dei ulike trinna i reguleringsplanen, og dette skuldast tiltakshavar, vert gebyret fakturert etter gjeldande regulativ på dato for handsaming i utvalget.

Betalings satsar

§ 8.01

For administrativ handsaming av prinsipp søknader og søknader om å få starta arbeid med private reguleringsplanar, eller vesentleg endring av eksisterande plan jfr. Pbl (oppstartsmøte) **5 M**

Reguleringsplan som ikkje er i samsvar med arealbruk etter Kommuneplanen, får eit tilleggsgеbyr på **5 M**

Gebyret vert fakturert når kommunen tek saka opp til handsaming.

Nabolister i forbindelse med reguleringsplaner opp til 10 eigedomar + tillegg på M pr. 10. eigedom **M**

§ 8.1

Sakshandsamingsgebyr for reguleringsplanar.

0 til 5 da	27 M
5 til 20 da	39 M
20 til 50 da	60 M
50 til 70 da	75 M
Over 70 da	90 M

Gebyret vert fakturert når kommunen tek regulerings saka opp til 1. gongs handsaming i administrasjonen.

§.8.1.2

For planar med krav om planprogram og konsekvensutgreiing skal det i tillegg til satsane i § 8.1 betalast eit handsamingsgebyr på **10 M** som vert fakturert når planprogrammet/konsekvensutgreiinga vert teke opp til handsaming i utval for plan og miljø.

§ 8.1.3 Tilleggsgеbyr

Tilleggsmøte pr. møte	M
Melding til forslagsseillar om manglar ved innlevert planframlegg	2 M
Tillegg for kommunen sitt arbeid med å rette innlevert planframlegg etter avtale med avtale med forslagsstiller etter medgått tid, pr time	0,4M

Minstebegyr	3 M
Avvist sak etter oppstart (ikkje i kraft)	M

§ 8.2

Ved framlegg til reguleringsplan som dekkjer særleg store område arealmessig, eller som er svært tidkrevjande å sakshandsama, kan kommunen v/administrasjonssjefen avgjere at det skal utferdast tilleggsgebyr etter medgått tid og utlegg som kommunen måtte ha hatt til sakkunnig hjelp. Ovanstående satsar vert minstesatsar.

§ 8.3

Mindre endring av planframlegg etter at framlegget er fremma til politisk handsaming eventuelt med ny begrensa høyring og ny framlegging i planutvalet.

Tilleggsgebyr på

4 M

§ 8.4

Omfattande endring av planframlegg etter at framlegget er fremja til politisk handsaming, , med ny varsling, høyring og ny handsaming politisk. Tilleggsgebyr på 50 % av opprinneleg gebyr.

Gebyret vert fakturert når kommunen tek planframlegget opp til ny handsaming i Utval for plan og miljø.

§ 8.5 Mindre reguleringsendring.

§ 8.5.1

For private forslag til mindre endring av reguleringsplan jfr. Pbl. § 12-14.2, betalast eit gebyr etter følgjande satsar:

Små endringar som handsamast administrativt	6 M
Endringar som må handsamast politisk	12 M
Endringsframlegg som får negativt administrativt svar	3 M
Endringsframlegg som får negativt politisk svar	6 M

Gebyret vert fakturert når kommunen tek reguleringsendringa opp til administrativ handsaming (1.ledd) eller stadfesting i Utval for plan og miljø (2.ledd).

§ 8.6 Sosikontroll

Det er inkludert 2 timar kartkontroll på kvart trinn i prosessen. Dersom gjennomgang av kartgrunnlag på kvart trinn krev meir tid vert det overskytande fakturert etter medgått tid, timepris

0.4 M

§ 8.7.

For handsaming av tomtedelingsplan, plan for utbygging o.l.

5 M

§ 8.8.

For søknad om forlenging av planvedtak

5 M

§ 8.9.

Planframlegg som berre omfattar verneomsyn, friområde, offentlege eller allmennyttige føremål, o.l. kan etter søknad fritakast for gebyr heilt eller delvis.

KAP. 9: LANDBRUKS- OG HAVBRUKSSAKER

§ 9.1 Konesjonssaker.

Handsaming av konesjonssøknad, gardsbruk/større eigedomar	Kr. 5.000,-
Handsaming av konesjonssøknad, enkle tomter (naust m.v.)	Kr. 2.500,-

§ 9.2 Jordlovsaker.

Handsaming av delingssøknader etter § 12 i jordlova	Kr. 2.000,-
---	--------------------

§ 9.3 Havbrukssaker.

Uttale til konesjonssaker etter akvakulturlova, grunnlag	M
I tillegg vert det fakturert etter medgått tid	0,4 M

§ 9.4 Utsleppssaker.

Dette gjeld utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avlaupsanlegg.

§ 9.4.1 Søknader.

Det skal betalast gebyr per utslepp etter gjeldande satsar:

Søknad om utslepp mindre enn 50 pe. (etter lokal forskrift vedteken 29.10.2008)	2 M
Søknad om utslepp over 50 pe. (etter sentral forskrift kap. 13 og 15)	4 M

§ 9.4.2 Ny handsaming av avslegen søknad.

Der fornya søknad om utsleppsløyve fører til godkjenning eller nytt avslag, skal halvparten av tidlegare betalt gebyr kome til frådrag dersom søknaden kjem til kommunen innan tre månader etter dato for avslag. Kjem ny søknad på seinare tidspunkt skal det betalast fullt gebyr.

§ 9.4.3 Tilsyns- og kontrollgebyr.

Tilsyns- og kontrollgebyr for separate avlaupsanlegg per stykk.
(gjeld ikkje avlaupsanlegg som er knytt til offentleg avlaupsanlegg)

0,4 M

KAP. 10: HAMNE- OG FARVASSLOVA

Sakshandsaming etter Hamne- og farvasslova, grunnlag	0,5 M
I tillegg vert det fakturert etter medgått tid, timesats	0,4 M